



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/1530-1  
Saksbehandler Vidar Kyrdalen

### Utskriving av eigedomsskatt 2021 - Åmli kommune

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettelse	23.11.2020	20/25
2 Formannskapet	30.11.2020	20/63
3 Kommunestyret	17.12.2020	20/98

**Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettelse har behandlet saken i møte 23.11.2020 sak 20/25**

#### **Avrøysting:**

Enstemmig for kommunedirektørens innstilling.

#### **Tilråding i Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsettelse**

##### **Virkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

##### **Overgangsreglar til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

##### **Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2021 er 7 promille, jfr. eskl § 11 første ledd. For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskattesatsen til 4 promille, jfr eskl § 12.

##### **Botnfrådrag:**

Det vert ikkje botnfrådrag for sjølvstendige bustaddelar i 2021.

##### **Takstvedtekter:**

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for skatteåret 2021, jfr. eskl § 10.

##### **Terminar:**

Skatten skal innbetalast i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter, slik debitorane har valt. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin, jfr. eskl § 25.

**Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2021 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan fritta heilt eller delvis for eigedomsskatt. For skatteåret 2021 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål fritake for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr. eskl § 7 bokstav a. Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt om fritak vert òg fritake for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr. eskl § 7, bokstav b. I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, fritake frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyve er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan fritake for eigedomsskatt.

**Formannskapet har behandlet saken i møte 30.11.2020 sak 20/63****Saksframleggar til kommunestyret:**

Ole Kristian Nylund

**Endringsframlegg frå Hans Fredrik Tangen:**

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på NOK 200 000 som trekkast frå takstgrunnlaget, jfr eskl§ 11 andre ledd.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Hans Fredrik Tangen falt med 5 mot 2 stemmer (H. F. Tangen og J. Lien)

Enstemmig for kommunedirektørens innstilling.

**Tilråding i Formannskapet****Virkeområde:**

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

**Overgangsreglar til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

**Eigedomsskattesats:**

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2021 er 7 promille, jfr. eskl § 11 første ledd. For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskattesatsen til 4 promille, jfr eskl § 12.

**Botnfrådrag:**

Det vert ikkje botnfrådrag for sjølvstendige bustaddelar i 2021.

**Takstvedtekter:**

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for skatteåret 2021, jfr. eskl § 10.

**Terminar:**

Skatten skal innbetalast i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter, slik debitorane har valt. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin, jfr. eskl § 25.

**Takstar:**

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2021 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

**Fritak for eigedomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan frita heilt eller delvis for eigedomsskatt. For skatteåret 2021 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål friteke for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr. eskl § 7 bokstav a. Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt om fritak vert òg friteke for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr. eskl § 7, bokstav b. I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, friteke frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyve er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan friteke for eigedomsskatt.

**Kommunestyret har behandlet saken i møte 17.12.2020 sak 20/98****Avrøysting:**

Samrøystes for formannskapet si tilråding.

## **Vedtak i Kommunestyret**

### **Virkeområde:**

For eideomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eideomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

### **Overgangsreglar til eideomsskatteova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:**

For eideomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eideomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eideomsskatteova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eideomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

### **Eideomsskattesats:**

Den alminnelege eideomsskattesatsen for 2021 er 7 promille, jfr. eskl § 11 første ledd. For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eideomsskattesatsen til 4 promille, jfr eskl § 12.

### **Botnfrådrag:**

Det vert ikkje botnfrådrag for sjølvstendige bustaddelar i 2021.

### **Takstvedtekter:**

Takstvedtekter for eideomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for skatteåret 2021, jfr. eskl § 10.

### **Terminar:**

Skatten skal innbetalast i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter, slik debitorane har valt. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin, jfr. eskl § 25.

### **Takstar:**

Utskrivinga av eideomsskatten for 2021 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

### **Fritak for eideomsskatt:**

I eskl § 5 går det fram kva for eideomar som skal fritakast for eideomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eideomar kommunestyret kan fritta heilt eller delvis for eideomsskatt. For skatteåret 2021 vert eideom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål fritake for eideomsskatt på bakgrunn av søknad til eideomsskattekontoret, jfr. eskl § 7 bokstav a. Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eideom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt om fritak vert òg fritake for eideomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eideom av historisk verdi, jfr. eskl § 7, bokstav b. I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, fritake frå eideomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyve er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan fritake for eideomsskatt.

# Utskriving av eigedomsskatt 2021 - Åmli kommune

## Kommunedirektøren sitt framlegg

### Virkeområde:

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jfr. eskl § 3 første ledd bokstav a).

### Overgangsreglar til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 – utskrivning basert på eit særskilt grunnlag som skal trappast ned over sju år:

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag i medhald av overgangsreglane til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som følgje av at produksjonsutstyr – og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert sett på som næringseigedom.

### Eigedomsskattesats:

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for 2021 er 7 promille, jfr. eskl § 11 første ledd. For bustader/fritidsbustader med tomt til desse, samt ubebygde tomter til dette formål, settast eigedomsskattesatsen til 4 promille, jfr eskl § 12.

### Botnfrådrag:

Det vert ikkje botnfrådrag for sjølvstendige bustaddelar i 2021.

### Takstvedtekter:

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Åmli vedteke i K-sak 12/49 og 13/32 skal gjelde for skatteåret 2021, jfr. eskl § 10.

### Terminar:

Skatten skal innbetalast i samband med kommunen sine andre kommunale avgifter, slik debitorane har valt. Skatt mindre enn kr 1000 fakturerast i eit beløp i første termin, jfr. eskl § 25.

### Takstar:

Utskrivinga av eigedomsskatten for 2021 vert basert på takstar ved siste alminnelege taksering gjeldande frå 01.01.2013 med tilleggstakseringar av nye skatteobjekt etter denne dato.

### Fritak for eigedomsskatt:

I eskl § 5 går det fram kva for eigedomar som skal fritakast for eigedomsskatt.

I eskl § 7 går det fram kva for eigedomar kommunestyret kan fritta heilt eller delvis for eigedomsskatt. For skatteåret 2021 vert eigedom eigd av stiftelsar og institusjonar med ålmennyttige formål fritake for eigedomsskatt på bakgrunn av søknad til eigedomsskattekontoret, jfr. eskl § 7 bokstav a. Fritaket skal gjelde ut inneverande alminnelege takseringsperiode.

Eigarar av eigedom, i tråd med ovannemnde formål, som tidlegare har søkt om fritak vert òg fritake for eigedomsskatt ut inneverande alminnelege takseringsperiode utan å måtte søke på nytt.

Det same gjeld for eigedom av historisk verdi, jfr. eskl § 7, bokstav b. I medhald av eskl § 7, bokstav c vert bygningar som er starta bygd etter 12.12.2013, og som heilt eller i nokon mon vert nytta til heilårsbustad eller fritidsbustad, fritake frå eigedomsskatt i 10 år rekna frå 01.01. året etter at byggeløyve er gitt.

I medhald av eskl § 7, bokstav d vert ubebygde område på Homdrom Austhei som omfattast av byggeforbod i tråd med gjeldande kommuneplan fritake for eigedomsskatt.

## Saksvedlegg

### Saksvedlegg som ligg på nettsida

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

### Andre saksdokument

Ingen

### Kort om saka

Kommunestyret fattar dei overordna, generelle vedtaka om eigedomsskatt i ein kommune. Kommunestyret si viktigaste oppgåve i høve til dette er å fatte vedtak om at det skal skrivast ut eigedomsskatt i samband med budsjettbehandlinga hausten før skatteåret, jfr. eskl § 2. Vedtaket må fattast kvart år. Det årlege vedtaket må innehalde kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret, jfr eskl § 10, slik som;

1. Kva for utskrivingsalternativ kommunen har valt, jfr. eskl § 3.
2. Kva skattesats som leggst til grunn, jfr. eskl § 11.
3. Om det skal vere differensiert sats (dvs. høgare eller lågare) sats for eksempelvis bustader og fritidsbustader, jfr. eskl § 12.
4. Kva for eigedomar kommunestyret har bestemt skal unntakast frå eigedomsskatten, jfr. eskl § 7. 5. Om det skal vere botnfrådrag, jfr. eskl § 11.

Det er følgjande 7 alternativ å velje mellom når det gjeld verkeområde for eigedomsskatt, jfr. eskl § 3 gjeldande frå og med 2019:

- a) Faste eigedomar i heile kommunen.
- b) Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygd på byvis eller der slik utbygging er i gang
- c) Berre på kraftverk, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
- d) Berre på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
- e) Eigedom både under bokstav b og c
- f) Eigedom både under bokstav b og d
- g) Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Kommunestyret kan fritake desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verdi.
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller utvalet som nemnt i kommunelova § 5-7, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.
- e) Fritidsbustader.

## Merknader / vurdering

Åmli kommune har sidan 01.01.2013 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunedirektøren foreslår i budsjettet for 2021 til 2024 ei vidareføring av den alminnelege eigedomsskattesatsen på 7 promille.

For bustader og fritidsbustader med tomt til desse vert det foreslått ein skattesats for åra 2021 til 2024 på 4 promille i framlegg til budsjett. Maksimal eigedomsskattesats for bustader og fritidsbustar gjeldande frå 2021 vert redusert frå 5 promille til 4 promille. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett bygger difor på maksimal skattesats for bustader- og fritidsbustader i økonomiplanperioden.

Ein gjer merksam på at regjeringa har vedteke å innføre obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % for bustad – og fritidsbustad gjeldande frå 2020, jfr. § 8 A-3, 7. ledd i eigedomsskattelova. Budsjettframlegget til kommunedirektøren er i tråd med lovendringa.

Vidare gjer ein merksam på at retten til å skrive ut eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjons-installasjonar vart fjerna i 2019. Det er vedteke overgangsreglar som skal gje ein trinnvis reduksjon i skatteinntektene over 7 år frå og med 2019. Verknaden av endringa er markert som tiltak nr. 61 i budsjettdokumentet.

Grunnrenteskatten vart auka i 2018. Grunnrenteskatten går i sin heilhet til staten og kjem til frådrag ved berekning av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg. Verknadane går ikkje fram av statsbudsjettet, men vi har gjort berekningar som viser ein reduksjon for Åmli over ein 10-års periode på i overkant av 2 mill. kroner i reduserte inntekter. Verknadane av dette går fram av tiltak nr. 62 i budsjettdokumentet.

Det er og forslag om endringar kring grunnrenteskatten i statsbudsjettet for 2021 ved at det skal vere;

- Lågare grunnrenteskatt i investeringsperioden
- Høgare grunnrenteskatt i perioden etter

Landssamanslutningen av vassdragskommunar (LVK), som Åmli er medlem av, oppfordra i brev av 14. oktober 2020 Stortinget kartlegge kva konsekvensane av forslaget vil få for kommunane. LVK skriv at Finansdepartementet sitt svar må tolkast slik at det har negativ effekt på eigedomsskatten for kommunane, men ein er ikkje kjent med ytterlegare detaljar.

Det går fram av tiltak nr 64 at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år, jfr. esktl § 8 A-3.

I staden for ny allmenn taksering kan kommunestyret gjere vedtak om å auke verdet (taksten) som eigedomen blei sett til ved den siste allmenne takseringa for utskrivning av eigedomsskatt - ei såkalla kontorjustering i tråd med esktl. § 8 A-4.

Auken kan skje stegvis over fleire år, men må ikkje vere meir enn 10 prosent av det opphavlege skattegrunnlaget for kvart år etter 10-årsfristen for den siste allmenne takseringa.

Det er i økonomiplanen lagt opp til kontortaksering.

Dersom kommunestyret vel å gjere ei full omtaksering må dette takast stilling til seinast i budsjettet for 2022.

Ved innføring av eigedomsskatt gjeldande frå 2013 vart det sett av kr 1 500 000 på eit disposisjonsfond som evt. kan nyttast til å dekke kostnadane kring omtaksering.

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg bygger på same eigedomsskattegrunnlag for kraftverk som i 2020.

Skatteetaten skriv i eit rundskriv datert 3. november 2020 at fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg er utsett til 1. desember 2020 grunna korona-tiltak.

18.12.2020